



RADØY KOMMUNE
HORDABØ SKULE
5937 Bøvågen



Referat frå møtet i foreldreutvalet 15.10.15

Desse møtte :

Eirin Misje – representant for foreldra
Britt Iren L. Myking – representant for foreldra
Elisabeth Vågenes - representant for foreldra
Monica Næss – representant for foreldra
Siren Stang Pletten – vara for rektor

Forfall :

Hanne –Mari Engen –rektor
Arne Kjetil Marøy - representant for foreldra
Janne R. Mellingen - representant for foreldra
Knut Magnus Haugland – rpresentant for foreldra

*Val

Leiar : Monica Næss
Nestleiar : Eirin Misje
Skrivar (til neste møte) : rektor

*Radøy kommune sin Plan for samarbeid heim – skule . Me gjekk igjennom FAU sine oppgåver.

*Skulen informerte om :

- ❖ Mobbeundersøking. Skulen gjennomførte ei lokal, anonym mobbeundersøking i dag i 4.-7.klasse. Resultatet vil ein koma tilbake til . Undersøkinga er så konkret at ein kan gå direkte inn og undersøkje nærare. Skulen vil gjennomføre to mobbeundersøkingar til i løpet av skuleåret. Ein lokal til våren og ein nasjonal rundt jul/nyttår. forskrift til ordensreglement for Hordabø skule .
- ❖ Ordensreglementet. Dei tilsette ved skulen ønskjer å endra på punkt 9 i ordensreglane for å få ein meir rettvis handsaming av punktet. **Frå** : 9.Eg har ikkje med meg mobiltelefon på skulen. Dersom eg av ein aller annan grunn må ha telefon med meg ein dag, skal eg levera melding om dette. Eg nyttar heller ikkje utstyr eller gjenstandar som kan uroa, skada eller vera til ulempe for andre. Sykkel skal stå parkert i skuletida.
Konsekvensar ved brot på regel 9:
Registrering i protokoll- inndraging av gjenstand eller snop etc.
Dersom ein ved eit uhell har med mobiltelefonen kan den leverast til kontaktlærar og fåast att ved slutten av dagen. Har ein med telefon utan melding, vert telefonen liggande på rektor sitt kontor til foreldre og elev saman hentar den. Melding til heimen.

Til: 9. Eg nyttar ikkje mobiltelefon eller anna privat digitalt utstyr på skulen. Skulen er ikkje erstatningspliktig for private ting som ein har tatt med på skulen.

Konsekvensar ved brot på reglane 9 (og 10)

(Registrering i protokoll- inndraging av gjenstand eller snop etc.)

Dersom eg nyttar mobil eller anna privat digitalt utstyr, vert det inndrege og foreldre/føresette må koma på skulen og henta mobilen /utstyret.

Det vart ikkje registrert innvendingar mot denne endringa. Saka skal opp i FAU og elevrådet

- ❖ Prøveordning med leksehjelp på SFO . 2.-4.klasse fekk tilbod om leksehjelp 1 time kvar veke. 7-8 elevar har meldt seg på og får ½ time leksehjelp kvar måndag og torsdag. Dette fungerer godt.
- ❖ Samarbeid med barnehagen. I dag 1.klassingane til neste år vore på besøk hjå 1.klasse i år. Dei skal koma fleire gonger i løpet av skuleåret.

*Barnevakten er ein organisasjon som gir råd om barn og media. Kan foreldrerådet arrangere eit møte med dei? Spørsmål som kom opp var : «Korleis får FAU inn pengar ?» Kasserar var ikkje til stades, så me fekk ikkje svar .

Saker som FAU vil arbeida med framover :

- ❖ Overgangsfelt frå byggjefeltet til skulen. Ein meinte at det hadde vore tatt opp før. Skulen undersøker om det finst noko skriftleg vedtak. Ev. om ein kan få i stand skulepatrulje.
- ❖ Få fri skuleskyss til Vågenes – farleg veg.
- ❖ Økonomien i å ha to ulike bussavgangar 2 dagar i veka ? Kan skuleveka organiserast på ein annan måte? 1.-4. ha ein fridag i veka og lengre dagar ? Tilbod om SFO i staden for?
- ❖ Samarbeida med barnehagen - ein person som bur i det gamle rådhuset har vore tatt fleire gonger for bilkøyning i påverka tilstand, seinast i førre veke. Kva kan gjerast ? Ikkje greitt for barnehage og skule.
- ❖ Laga til spele kveld for elevane.

*Foreldra ber om at sykling vert tatt opp som tema /diskusjon på neste foreldremøte , gjerne klassevis.

*Vakt i friminutta. Det vart opplyst at det er tre og fire vaksne vaktar ute i kvart friminutt. Noko foreldra var nøgde med. Men dei ønskte ein vaksen til ute om morgonen i tillegg til bussvakta. Skulen skal ordna det.

Hordabø skule 22.10.15


Siren Stang Plettén